

KVALITETSDIALOG 04.04.19

TEMA 1: KORLEIS REALISERA EIN IDRETTSHALL?

GRUPPE 1: 10.00-11.00

- Kostnadskrevjande å realisera. Kva er moglegheita?
- Eit viktig utgangspunkt er den fysiske plasseringa av ein hall.
- Idrettslaget ønskjer hall på Gjerde: nærleik til skule og det er her ein får mest tilskot. Løysning kan vera 1-10 skule saman med idrettshall. Må tenka framtidsetta: eit bygg som kan innehalda alt.
- Hagabotnane er det beste alternativ. Ein bør plassera vegen på ein fornuftig plass. Det er ikkje lang avstand frå barneskulen til Hagabotnane.
- Avstand frå skule til hall er eit viktig moment. Ønskje er at den skal vera mest mogleg brukt.
- Kan det vera plass til 1-10 skule og idrettshall i Hagabotnane?
- Parkeringsplassar er viktig og veg til idrettshall og skule må vera trygg.
- Idrettshall og skule må vera saman.
- Ta oppatt debatten om 1-10 skule? Dette vil truleg vera gunstig økonomisk. Mulighetsstudien seier det er plass til hall på Gjerde.
- Det er ikkje plass til idrettshall og 1-10 skule slik teikningane av idrettshall visar i dag. Er det rom for å ekspropiera?
- Elevane har behov for rom til kunst- og håndverk, keramikk m.m. Her fins det gode høve til å rullera på rom og utnytta areale ved 1-10 skule.
- Det er ikkje ein ny gymnastikksal som skal byggjast. Det er ein idrettshall, som skal kunna brukast til så mykje meir. Når ein andre ungdommar enn dei som er aktiv i dag? Burde ein heller sett på moglegheita for å utbetra turstiar.
- Er det mogleg å bygga på Gjerde i høve areal?
- Ja. Det er mogleg.
- Må tenkja på at ikkje alle har sertifikat når ein tenkjer plassering. Kollektiv transport.
- Er det mogleg å drifta ein eventuell ombygging på Gjerde?
- Me ønskjer fleire innbyggjarar i Samnanger. Ein idrettshall og symjehall vil hjelpa. Det må vera attraktivt å flytta til Samnanger.
- Ein idrettshall er ikkje førsteprioritet, men det er viktig å tenkja framtid når ein planlegg. Ikkje reparera noko som ikkje er øydelagt. Barnehagar og skule fungerer slik dei er i dag. Det er ikkje plass til idrettshall på Gjerde. Hagabotnane er eit soleklart alternativ.
- Utruleg viktig å tenkja framtid når me planlegg. Idrettsanlegget i Hagabotnane ville nok ikkje vorte bygd der i dag.
- Mange ungdommar ønskjer idrettshall. Det er sprengt på tid i hagabotnane no.
- Fleire meiner idrettshall ikkje står øvst på prioriteringslista, og ikkje er nødvednigvis det som avgjer om ein vil flytta til kommunen.
- Ser ikkje Hagabotnane som eit alternativ, men er óg skeptisk til på plassering på Gjerde med tanke på framtida.
- Haukaneset bør vera eit alternativ. Meir sentralt.
- Idrettshall er ikkje ei lovpålagt oppgåve. Me må prioritere.

GRUPPE 2: kl 11.15-12.15

- Det er forskjell på idrettshall og fleirbrukshall. Ein idrettshall dreiar seg om idrett, ein fleirbrukshall er til for utvida bruk. I denne gruppa støttar ein fleirbrukshall.
- Symjebasseng bør vera i ein fleirbrukshall.
- Kan eit nytt kommunehus setjast saman med ein hall?
- I ein ny hall bør ein kunna aktivitetar så og sei heile døgnet. Hyttefolk ville funne dette attraktivt.
- Me må ha eit sentrum som er levedyktig.
- Hagabotnane er ikkje eit alternativ.
- Snakkar me idrettshall bør den vera saman med skule og barnehage, ein fleirbrukshall bør heller vera sentrumsnært.
- Det bør setjast ned ei gruppe for å finna ut kva me vil ha inn i ein fleirbrukshall.
- Me må vekk frå begrepet idrettshall og bruka begrepet fleirbrukshall.
- Skal me sjå på 1-10 skule?
- Ser det ikkje realistisk at det vert realisert i komande periode.
- Ønskjer fleirbrukshall på Bjørkheim, og at vegen til Hagabotnane vert utbetra slik at det er betre å koma til idrettsplassen slik den er i dag.
- Parkeringsplassar er viktig.
- Er det kommunen som vil stå for vedlikehald ved ein ny fleirbrukshall? Eventuelt frivillige lag, eller samarbeid? Viktig å tenke på drift og vedlikehald framover.
- Korleis skal det finansierast? Bør me tenkja brukarbetaling for leige av hall?
- Me bør prioritere ein fleirbrukshall i Samnanger kommune. Politikarar og innbyggjarar må vera villig til å sjå på kva andre tenester som må vika.
- Barn og unge bør ikkje verta påverka av brukarbetaling.
- Ein fleirbruksahall er førebyggjane og viktig i folkehelsearbeidet.
- Kunne ein bygd omsorgsbustader saman med ein hall?
- Me må sjå heilskapleg på tenestene våre. Me har moglegheit til å byggja ein idrettshall i framtida, men då må me finna rom for det ved å gjera endringar.
- Kor mykje kan me kutta før det gå utover tenestene våre? Kva nivå skal me leggja oss på? Me bør finna ut kva som er «godt nok». Skal me prioritera ein fleirbrukshall må me spara inn andre plassar.
- Får me 1-10 skule og kvittar oss med nokre kommunale bygg er det pengar å henta.
- Me må prioritera. Realistisk tidsperspektiv og framdrift er viktig.
- Konklusjon: Setja i gong arbeid med å finna ut kva me ønskjer med ein fleirbrukshall, og finna plassering.
- Det fins fleire ulike meiningar om ein skal realisera ein idrettshall/fleirbrukshall.
- Veldig viktig å få ungdom med så tidlig som mogleg i planlegging, og det er viktig å få inspirasjon frå andre som har bygd hall.

GRUPPE 3: 13.00-14.00

- Det er forskjell på idrettshall og fleirbrukshall.
- Meiner det er fleirbrukshall som må diskuterast, me vil kunne fylle ein hall med fleire aktivitetar.

- Det er større høve til finansiell støtte ved utbygging av idrettshall. Men det er óg krav.
- Kan ein kopla nytt basseng på eit slikt prosjekt? Vil vera stor folkehelsegevinst.
- Bassenget er i god stand slik det er i dag, men tilkomsten ikkje god.
- Todelt ved plassering av hall: skulenært eller sentrumsnært?
- Må ta utgangspunkt i den skulestrukturen me har, ikkje ein 1-10 skule.
- 1-10 skule i samband med idrettshall ville vore fantastisk.
- Ein fleirbrukshall har meir innhald og dekkja fleire behov, men bør vera sentrumsnært.
- Bygda er meir tent med ein fleirbrukshall enn idrettshall.
- Om ein byggjer på eit nytt område som Lauvsgard har ein óg rom for framtidig utbygging.
- Bjørkheim er fortsatt eit godt alternativ. Det er mest sentrumsnært og trekkjer folk. Attraktivt for hyttefolk. Basseng og bowling.
- Viktig å ha dei unge med på dette. Kva vil dei??
- Må tenkja utover idretten.... Konsertar, areale for øving for musikk osv.
- Aktivitet skapar aktivitet. Må sjå fleirbrukshall i samanheng handelssentrum, vegar, andre tilbod. Mål om å kunna bruka ein heil dag på Bjørkheim/i Samnanger.
- Samnanger må ha trekkplaster.
- Eldre ønskjer seg ulike aktivitetstilbod; bowling, dart.
- Kunne me hatt kinosal? Auditorium til fleirbruk. Sjakk er populært.
- Prosjektet må kunna treffa alle for at me kan skapa ein positivisme rundt det.
- Mange Samningar nyttar i dag treningsentert i Arna.
- Hovudkonklusjon: Me ønskjer fleirbrukshall.

GRUPPE 4: 14.15-15.15

- Utordring: Kor er det plass/kva tomt eignar seg best
- Har me økonomi til å byggja? Har me økonomi til å drifta? Skal det vera gratis tilbod eller skal me ha inntekter? Krev uansett mykje dugnadsinnsats.
- Det er vurdert to alternativ i arbeidsgruppa: Hagabotnane og Gjerde. Arbeidsgruppa er todelt. Det som er vurdert i arbeidsgruppa er ein fleirbrukshall, men for idrett.
- Ein bør sjå realisering av fleirbrukshall og utvikling av Bjørkheimsområdet i Samnanger.
- Idrettshall og fleirbrukshall er to ulike ting, og kva ein vel har noko å sei for plassering.
- Om ein vel idrettshall bør ein sjå samanheng med skule.
- Fleirbrukshall på Bjørkheim kan skapa ein positiv plass for ungdom å vera.
- Me må óg tenkja på dei eldre.
- Bjørkheim skal utviklast med fleire eldrebustader. Om ein tenkjer på eldre bør hallen vera i nær gangavstand. Det er heller ikkje alle som har bil/sertifikat.
- Er utgangen ved Hagaåstunnellen (på «rett side» av tjørnet) eit alternativ? Som del av eit utvida Bjørkheimsområde. Det er kort veg.
- Uansett kva ein skal byggja må ein ha investorar. Ein må jobba godt med investorar.
- Er redd spørsmål om plassering vil dra ut tida
- Byggjer ein ny hall på Gjerde er det ikkje plass til framtidig utbygging av skule. Det er ikkje framtidsretta.
- På Haukaneset er det plass til både 1-10 skule og fleirbrukshall.
- Ein fleirbrukshall vil gje større moglegheiter for ulike tilskot.
- Bowling.

- Skal me rusta opp dei bygga me har, eller bygga nytt? Alt har ein kostnad. Ungdomsskulen og kommunehuset treng særskild endringar.
- Fleirbrukshhall vil truleg trekkja fleire innbyggjarar.
- Behovet for hall er her. Fleire reiser ut frå kommunen. Me vil halda dei her. Laga eit godt miljø for ungdommen her.
- Ein hall er viktig for eigenorganisert aktivitet.
- Ein hall vil vera førebyggjande.
- Det er økonomien det står på, ikkje om ein ønskjer hall.

Referent: Meline